

Protokoll – Representantskapsmøte Fjordane Friluftsråd avhelde den 20.06.2024

Den 20.06.2024 kl.1300 vart det halde Representantskapsmøte i Fjordane Friluftsråd via Teams.

Det vart gjort fylgjande forteikning over dei frammøtte;

Solund; Gunn Åmdal Mongstad og Endre Johan Bukkøy Natvik

Askvoll; Linda Landøy og Jan Arne Lilletofte

Kinn; Doris Christensen, Ørjan Kvalheim og Frank Willy Djuvik

Bremanger; Anne Kristine Førde og Svein Olav Senneset

Stad; Kristian Kobbenes Starheim

Stryn; Torstein Tvinnereim

I tillegg møtte styreleiar Arlene O.Vågene samt dagleg leiar Bjarte Engevik.

1. Godkjenning av innkalling, sakliste og utsendingar

Vedtak;

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

2. Val av ordstyrar, sekretær og 2.rep. til å signere møteboka.

Vedtak;

Arlene O Vågene vald som ordstyrar og Bjarte Engevik til å føre protokoll.

Kristian Kobbenes Starheim frå Stad og Torstein Tvinnereim frå Stryn vald til å signere møteboka.

3. Godkjenne ny deltakarkommune jfr. § 2 i samarbeidsavtalen.

Vedtak;

Representantskapan er kjend med protokoll frå Hyllestad kommunestyre av 13.06.24 med søknad om medlemskap i Fjordane Friluftsråd, og godkjenner Hyllestad sin søknad.

4. Handsame årsmeldinga til styret.

Vedtak;

Årsmeldinga slik den ligg føre vart teke til vitande.

5. Godkjenne rekneskap med revisjonsmelding

Vedtak;

Rekneskap med revisjonsmelding vart teke til vitande.

6. Vedta Handlingsplan og arbeidsplan

Vedtak;

Framlagte handling- og arbeidsplan vart teke til vitande.

7. Vedta budsjett

Vedtak;

Det framlagte budsjett vart teke til vitande.

8. Fastsetje neste år tilskot/kontingent for deltakarkommunar.

Vedtak;

Representantskapen ynskjer ikkje å endre kontingent frå deltakarkommunane som blir verande med årleg fast tilskot på kr.25.000,- + kr.20,- for kvar innbyggjar.

9. Godtgjersle for styret.

Vedtak;

Styrevedtak nr.19/23 vert ståande uendra slik; «*Kommunane dekkjer reise og tapt arbeidsforteneste til sine representanter. Fjordane Friluftsråd yter eit fast styrehonorar pr.møte på kr.1500,- og i tillegg ei fast årleg godtgjersle til styreleiar på kr.15.000,-. Dette gjerast gjeldande frå 01.01.2024*»

10. Inkomne saker (valnemd)

Vedtak;

Representantskapet stør opp om Vedtak i styremøte sak 11/24 ; Styret ynskjer å endre teksten i § 5 pkt.12 d) til; «*Valnemd på 3 medlemmer og 1 varamedlem velgjast av Representantskapet ved behov*»

11. Endring av samarbeidsavtale jfr. Sak 10 denne protokoll;

Vedtak;

Samarbeidsavtalen § 5 pkt.12 d) vert endra til; «*Valnemnd på 3 medlemer og 1 varamedlem velgjast av Representantskapen ved behov.*»

Møtet vart deretter heva kl.1340

Dato/stad Solund 20.06.2024

.....
Kristian Kobbenes Starheim

.....
Torstein Tvinnereim